



Årsmelding for år 2017.

Årsmøtet vart halde på Åsvang tysdag 21.mars 2017.

Desse var til stades frå styret:

Ivar Hemsing, Erlend Eggen, Solveig Voldhaug og Oddbjørn Skeie.

Andre som var til stades var Aud Ingeborg Kamstrup Stuestøl, Jan Sparstad, Nils Rogn, Nils Leine og Ida Østvold

Val av nytt styre:

Leiar:	Astrid Brun Arnesen(ny)
Styremedlem:	Hans Mikkel Melhus (ny)
Skriver	Oddbjørn Skeie (ikkje på val)
Kasserar	Solveig Voldhaug (ikkje på val)
Ungdomsrepresentant	Anne Heidi Kvam Hillestad (tok gjenvæl)
Styremedlem	Aud Ingeborg Kamstrup Stuestøl (ikkje på val)
Revisorar:	Nils Leine og Inger Sørum
Valnemnd:	Ida Østvold (tok gjenvæl)
	Jan Sparstad (ikkje på val)

Medlemstal pr. 31.12.2017: 43 stk.

Kontobeholdning pr 31.12.2016:

S. og A. Jacobsen Myhre's minnefond kr 11 769,89

A&L Wangenstein minnefond. Kr 4150,95

Andris vang CD kr 7253,47

Driftskonto. Kr 97 072,95

Om instrumenta i laget: I 2011 vart det kjøpt nye bøger og ryggsekkekar/skrin til å ha på ryggen til tre hardingfeler.

I laget sitt eige:

Ein langeleik (er hos Jan Sparstad)

Fire hardingfeler:

- Hardingfeler med boge og skrin - ikkje utleigd. På kulturskulen.

- Hardingfeler med boge – Jørgen A. Kvam

- Hardingfeler med boge og skrin – ikkje utleigd. På kulturskulen.

- Hardingfele med boge og skrin.(«Grihamarfela») – Emilie

Hermundstad

Tre mindre, ”flatfeler”.

Ein kontrabass

Etter Rockeverkstad i Thorpe: Ein mixar, div stativ, mikrofonar, kablar og to høgtalarar. (Vart henta til Åsvang i 2012)

Her er det mange gode mikrofonar og mikrofonstativ

Satsane for utleige av instrument: kr. 350,00 pr. halvår.

Kappleikar:**Valdreskappleiken 6.mai i Skrauvål grendahus:**

Jørgen Andrisson Kvam fekk 6.plass i spel hardingfele.

Valdreskvelven si felegruppe spelte til dans på kvelden.

Landskappleiken på Røros 5.juli - :

Munnhørpe jr. Anne Heidi Kvam Hillestad nr 2 og Marit Andrisson Kvam nr. 3

Hardingfele kl. B Jørgen Andrisson Kvam nr. 15 (60p), Sigrid Daae Mælandnr. 19 (40P)

Lagspel sr. Jørgen deltok med Laget til fremjing for møsegrodde låttar og vart nr. 2 med 82 p

Lagdans jr. Marit deltok med Folkemusikk Ung og vart nr. 4 (64p)

Lagdans sr. Jørgen og Thea deltok med Øystre Slidre, vart nr. 5, Andris Kvam og Guro

Råheim Kvam deltok med Øystre Slidre og vart nr. 3.

Anders Daae Mæland deltok i Eldre folkemusikk sr og vart nr 7 med 66p.



Marit, Jørgen og Anne Heidi på Røros

Jørn Hilme stemnet 30.juli – 6.august:

Jørgen Andrisson Kvam fekk 16.plass i spel hardingfele.

Valdreskvelven si felegruppe spelte til dans på fredag kveld.

Landsfestivalen for gamaldans på Oppdal:

Ivar Hemsing og Ragnhild Tønsager deltok i runddanstevling. Kom som vanleg ikkje til finale. (Sitat Ivar)

Årsmøte Valdres folkemusikklag. Ivar Hemsing deltok.

Årsmøte FolkOrg: Ingen deltok her.

Aktivitetar:**Hardingfele**

Felegruppa har vore aktiv i år. Øvingar i øvre Valdres. Desse har vore heime hjå ein av dei som er med. Spelte til dans på Kvamshall sitt rakfisklag og på Jomsborg i Vestre Slidre.

Trekkspele / Toradar / Kontrabass**Langeleik – munharpe – hardingfele.**

To elevar går i kulturskulen og har Bjørg Berge som lærar. Dei vaksne har framleis ikkje kome i gang med felles spelning. Jan Beitohaugen Granli har tre elevar på minnharpe og to elevar på hardingfele.

Dans

Var dans på våren, men ingenting om hausten.

Elles så var Marit Andrisson Kvam med å varma opp for Staut på Fagernes, og ho spelte på Valdres sommersymfoni sin konsert i Heensåsen kyrkje i juni.

Aktivitetslogg:

Det vart ikkje noko aktivt år for Valdreskvelevn. Hausten 2017 sto laget heilt stille, då to frå styret flytta frå Vang. Dette gjaldt leiar Astrid Brun Arnesen og styremedlem Audi Stuestøl. Det vart avholdt eit styremøte på Åsvang i haust for å diskutere situasjonen, og der kom ein fram til at ein ikkje skulle finne ny leiar, men fortsette ”kvilande” fram til årsmøtet i 2018.

Felegruppa spela på rakfiskfesten på Kvamshall laurdag i november.

Igjen vil vi trekke fram, at i tillegg til dei aktivitetane som er nemnd, deltek medlemma i laget på forskjellige måtar; spelar til underhaldning, held kurs, er dommarar, køyrer, er publikum, organiserar og stiller som vaktar på dei store arrangementa i Valdres folkemusikklag, for å nemne noko. All deltaking er av det gode, så tusen takk til alle.

Vang i Valdres, 20.februar 2017

Oddbjørn Skeie
Skrivar

Leiar